



MØTEBOK

Tidspunkt: Måndag 25.01.21

Stad: Banken/Teams

Til stades på møte: Tor Helge Haara Tjemsland, Andre Botnen, Anne Marie G. Rabba, Håkon Småbrekke, Randi Legård, Heine Eikemo (vara for Håkon Småbrekke i sak 09/21) og Sveinung Olsnes (sekretær)

Forfall:

Andre til stades på møte:

Saker til styremøtet

Sak 01/21: Meldingssaker

Sak 02/21: Eventuelt/Informasjon hendelsar frå førre møte

Sak 03/21: Rekneskapen for 2020

Sak 04/21: Regulering av prisar for 2021

Sak 05/21: Handverkar Ninive

Sak 06/21: Planlegge dugnad vinter 2021

Sak 07/21: Førespurnad overgongsavtalar - reinsjakt

Sak 08/21: Vidareføring samjaktavtale HA290

Sak 09/21: Vidareføring samjaktavtale HA300

Sak 10/21: Møte i Sveigen beitelag

Sak 11/21: Utleige Ulevåbotn

Sak 12/21: Uttale endring fangst forskrift

Sak 13/21: Uttale påbygg Røldal Grendahus

Me stadfester med dette våre underskrifter at møteboka samsvarar med det som kom fram på møtet.

Tor Helge Haara Tjemsland/s/ Håkon Småbrekke/s/ Andre Botnen/s/

Randi Legård/s/ Anne Marie G. Rabba/s/ Heine Eikemo/s/

Røldal Fjellstyre –5760 Røldal

Leiar: tlf 481 03 170- epost: leiar.roidal@fjellstyrene.no Sekretær: tlf 902 13 655- epost: roidal@fjellstyrene.no

www.hardangervidda-fjellstyra.no

Sak 01/21: Meldingssaker

Saksutgreiing:

- 2020.12.03.001.1.MDIR-instruks relatert til CWD og GPS-merking
- 2020.12.03.001.5.Villreinutvalet-kopi av brev til Mtilsynet-Innspill cwd strakstiltak
- 2020.12.07.001.1.MDIR-Instruks til SNO - oppfølging av skrantesjuka
- 2020.12.07.001.1.MDIR-Instruks villrein mot E 134
- 2020.12.14.652.1.TIL Fiskefondet- Førespurnad om utbetaling av tilskot
- 2020.12.16.612.1.Røldal Grunneigarlag-svar på førespurnad om organisering
- 2020.12.21.035.0.FRÅ Ole A. Haddeland-søknad om leige av Ulevåbotn
- 2020.12.22.011.5.0.TIL HFas-informasjon om tenestekjøp og reduksjon
- 2020.12.31.001.5.Nemda-kopi av brev til Mdir og MT - innspill til CWD-prosessen

Framlegg til vedtak:

Ingen

Referat:

Ingen spørsmål frå styret

Vedtak:

Styret tek meldingssakene til vitande

Sak 02/21: Eventuelt/Informasjon hendelsar frå førre møte

Saksdokument:

Saksutgreiing:

- Var i kontakt med Nils Åge vedrørande jegerprøvekurs. Han skal setje opp eit til våren. Me held kontakten framover. Ser på moglegheita for å søkje støtte til desse kursa via fjellstyresystemet. Var samarbeid tidlegare. Sendt svar til Ullensvang ungdomsråd.
- Førespurnad om tenestekjøp til FHas. Tor Helge oppsummerer dette på møtet.
- Fjellstyret sendte eit innspel til Hydro Energi angående rapportane som vart laga i forbindelse med miljørevisjonen. Ullensvang kommune vart i same slengen informert om vår forventingar til denne prosessen framover.
- Oppslag om dugnadsbehov er publisert gjennom diverse kanalar, og responsen har vore relativt bra.

Framlegg til vedtak:

Ingen

Referat:

Gjennomgang ved leiar. Går gjennom punkta over. Punktet om tenestekjøp vert ikkje gått gjennom. Gåast gjennom etter møtet utan sekretær.



I tillegg til punkta over går ein gjennom fylgjande:

- Hjelpeskorpset er førespurd om å ta vedkøyning på same vilkår som i fjor og har takka ja til dette. Dei er og interessert i å bruke Gamlabua i påska. Styret har ikkje merknader til dette.
- Det har kome inn ein søknad om å køyre snøskuter frå Midtlæger og over Røldal SA inn til Knoda. Styret ynskjer ikkje å ta denne saka oppatt til handsaming, men viser til tidlegare vedtak. Vedkomande fekk også i 2017 beskjed om vedtaket til Røldal Fjellstyre og klagefrist. Saka vart ikkje påklaga den gong og styret ser ikkje at det er noko nytt i saka no. Sekretær informerer vedkomande om dette.
- Det er sendt søknad om fiskeutsetting til Statsforvaltaren i Rogaland.
- Søknad om kr 150 000,- i støtte til renovasjon av Ninive er sendt Grunneigarfondet.
- Noverande løysing med bruk av betalingsterminal som er lånt av idrettslaget er god nok og rekneskapsfører har ikkje merknader til måten dette vert gjort på.

Vedtak:

Styret tek orienteringa til vitande.

Sak 03/21: Rekneskapen 2020

Saksdokument:

Rekneskap for 2020 (sendt ut tidlegare)

Saksutgreiing:

Rekneskapen for 2020 er gjort opp med 237952,20 kr i pluss. Avviket i høve til budsjettet for 2020 skuldast at det vart seld reinskort for over dobbelt så mykje som budsjettet.

Framlegg til vedtak:

Årsresultat for 2020 på kr 237 952,20 overførast til annan eigenkapital.

Røldal Fjellstyre godkjenner framlagde rekneskap for 2020 med atterhald om godkjenning av revisor.

Referat:

Gjennomgang ved leiar. Det var ikkje merknader til rekneskapen.

Vedtak:

Årsresultat for 2020 på kr 237 952,20 overførast til annan eigenkapital.

Røldal Fjellstyre godkjenner framlagde rekneskap for 2020 med atterhald om godkjenning av revisor

Sak 04/21: Regulering av prisar for 2021

Saksdokument:

Saksutgreiing:



Det er forskrift om jakt, felling, fangst og fiske som regulerer maksprisane på Statsallmenning. Røldal FS ligg i dag på makspris på fiskekort og på nokon av korta på Småvilt. På Reinsjakt ligg Røldal FS langt under prisrammene.

Gjeldande prisar på Røldal SA:

Prisar for jakt, fiske og hytteleige Røldal Fjellstyre

mar.20

Innanbygds		Utanbygds:	
Fiske med stong	Pris	Fiske med stong	Pris
Dagskort	100,-	Dagskort	100,-
3 dagars kort	250,-	3 dagars kort	250,-
Vekekort	350,-	Vekekort	350,-
Sesong Garnfiske:	500,-	Sesongkort	700,-
(gjeld og som sesongkort for stong)			
Småviltjakt		Småviltjakt	
Dagskort	125,-	Dagskort	250,-
Vekekort	700,-	Vekekort	1400,-
Sesongkort	1000,-	Sesongkort	2000,-
Halv pris for dagskort og sesongkort for ungdomskort.			
Villreinjakt		Villreinjakt	
Kalv	500,-	Kalv	1000,-
Simle/Ungdyr	1100,-	Simle/Ungdyr	2200,-
Bukk	1300,-	Bukk	2600,-
Fritt dyr	1700,-	Fritt dyr	3400,-
Hytteleige pr nått/person		Hytteleige pr nått/person	
75,-		200,-	
Studentar 40,-			
Under 16 år gratis			
Leige oppbevaringsboks		Leige oppbevaringsboks	
250,-			
Garnfiske		Garnfiske	
Berre for innanbygds. Sesongkort gjeld og som sesongkort for stongfiske. 500,-			
Leigeprisar for stølar		Leigeprisar for stølar	
Nupshadlene	26100,-		
Midtfjellsvollen	18100,-		
Ståvassvikje	18100,-		
Ulevåbotnen	5000,-		



Generelt meiner sakshandsamar at det der rett å ligge på prisrammer på både småviltjakt og fiske med stong. Dette er i utgangspunktet svært rimeleg og ei ettertrakta vare som er lett å selje. For villreinjakta sin del så er ikkje prisramma i nærleiken av det ein kan ta for jakta på Hardangervidda. Fjellstyret bør likevel vurdere ei auke i prisane her i takt med prisstigninga elles i samfunnet. Røldal FS har dei rimelegaste reinskorta på SA på Hardangervidda i dag.

Framlegg til vedtak:

Ingen

Referat:

Framlegg frå leiar:

Ynskjer å utsette prisregulering på reinskort til ein veit kva som kjem av tiltak og kvotar.

Ynskjer å halde på prisane på jakt og fiskekort, men innføre familiekort for garnfiske som skal koste 750,-.

Leiar ynskjer vidare å auke prisen på hyttene til 100,- for innanbygds og 50,- for studentar.

Dette må sjåast i samanheng med forslag om å gje dei som jobbar dugnad gratis overnatting det året dei jobbar. Leiar føreslår vidare å gje dei som jobbar dugnad og ikkje brukar hyttene redusert pris på garnkort slik at dei betalar 200,- for dette.

Leiar føreslår også å opprette garnfiske for utanbygds på den eigedomen som Fjellstyret leiger av Statskog. Det kjem fram forslag om å legge ut totalt 20 døgn med 5 garn på inatur.no til ein pris av 200,- pr døgn. Kortet skal då og gjelde stongfiske.

Det vart kort ordskifte i saka. Styret samlar seg om forslaget til leiar.

Vedtak:

Prisane på jakt, fiske og overnatting vert uendra med fylgjande unntak:

- Nytt familiekort for garnfiske 750,-
- Hytteleige innanbygds 100,-, student 50,- utanbygds 200,-
- Gratis overnatting for dei som jobbar dugnad same året eller garnkort til redusert pris (200,-)
- Garnfiskekort for utanbygds på innleigd areal i Votna settast til 200,- pr døgn inkl stongfiske.

Vedtaket vert ikkje omfatta av godkjenning av kommunen jfr fjellova § 28 då den aktuelle eigedomen for garnfiske ikkje er Statsallmenning, men innleigd areal.

Sak 05/21: Handverkar Ninive

Saksdokument:

Kostnadsoverslag/pristilbod Olav Hagen (sendt ut tidlegare)

Saksutgreiing:

Det har kome inn eitt pristilbod på jobben på Ninive. Olav Hagen vil gjere jobben for 215 000,- eks mva. dvs 268 750,- inkl mva.



Han har i tilbudet sitt teke atterhald om at det kan kome ein ekstraordinær prisauke på trelast i vinter. Han har derfor teke høgde for at materialkostnaden kan bli opp mot 15% høgare. Dersom dette slår til vil prisen auke tilsvarende.

Framlegg til vedtak:

Ingen

Referat:

Gjennomgang ved leiar.

Leiar opplyser at han har vore i kontakt med Fonna Elektro om tilbud på solcelleanlegg. Dei skulle kunne levere eit bra anlegg for ca 20 000,-. Styret er innstilt på å bruke eit beløp på denne storleiken for å kunne få eit tilfredsstillande anlegg på Ninive etter oppussing.

Vedtak:

Styret godkjenner tilbud frå Olav Hagen og ynskjer å gjere avtale med han om vøling av Ninive. Vidare ynskjer styret å bruke om lag 20 000,- på nytt solcelleanlegg på hytta og leiar får fullmakt til å gjere innkjøp. Prisen kan fråvikast noko for å oppnå tilfredsstillande kvalitet.

Sak 06/21: Planlegge dugnad vinter 2021

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Fjellstyret må ta stilling til korleis dugnadsarbeidet skal organiserast, og kven frå fjellstyret som skal vera ansvarleg for dei forskjellige oppdraga.

Framlegg til vedtak:

Ingen

Referat:

Det har vore bra respons på dugnadsarbeid på hyttene. Leiar orienterar.

Det diskuterast kva som skal gjerast på dei ulike hyttene og kven som tek ansvar for dette.

Ninive: arbeid i tråd med plan. Leiar tek ansvar for gjennomføring og dialog med O. Hagen. Heine tek kontakt med eigar av gravemaskin som står på Reet og førespør om det går an å få til ei avtale om leige av denne. Håkon sjekkar opp om alternativ overnatting for arbeidsfolk.

Gamlabua: denne må beisast til sommaren. Det skal køyrast inn beis og utstyr i vinter. Leiar forslår at oppsynet kan måle hytta. Forslag frå Håkon om at dette kan nokon gjere på dugnad. Det vert semje om å forsøke endå ein gong om nokon kan ta det på dugnad og at dette difor må kommuniserast ut på nytt. Sveinung sjekkar tilstanden på hytta, og om det er behov for skraping. Det skal kjøpast inn nye madrasser til heile hytta. Sveinung tar mål av madrasser.

Eriksbu: ny ytterdør skal på plass. Ansvarleg for at det blir gjort er Tor Helge. Sveinung tar mål av ytterdøra i hytta i samband med gjennomføring av brannvernrunnen.



Generelt så burde alle hyttene vore vaska. Det er ti år sidan seist dei vart skikkeleg rundvaska. Ninive skal vaskast til sommaren etter at den er ferdig. Gamlabua: her kan Hjelpekorpsset få tilbod om å gjere dette når dei likevel er der i påska mot godtgjering. Tor Helge tek kontakt og spør dei. Eriksbu: gå ut blant brukarane og høyre om nokon ynskjer å ta på seg dette.

Vedtak:

Styret tek diskusjonen til vitande og gjennomfører dagnadsarbeid som skissert over. Fjellstyret kjøper inn eit straumaggregat til å ha ståande på ei av fjellstyrehyttene.

Sak 07/21: Førespurnad overgongsavtalar - reinsjakt

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Røldal Fjellstyre bør høyre med nabovalda, t.d. Ullensvang, Vinje (Laagefjell, Selvik osv.) om røldalsjegerar kan få «reservert» nokon av plassene som vert tilbyr gjestejegerar. Dette fordi Røldal tar den ein stor smell i form av redusert jaktområde i samband med dei pågåande CWD tiltaka.

Framlegg til vedtak:

Ingen

Referat:

Gjennomgang ved leiar. Styret var samde i framlegget.

Vedtak:

Røldal Fjellstyre sender førespurnad til Selvik, Berunuten Vest, Lågefjell og Ullensvang FS om overgongsavtalar i jakta 2021.

Sak 08/21: Vidareføring samjaktavtale HA290

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Røldal Fjellstyre må ta stilling til om samjaktavtalen med HA290 skal vidareførast. Eventuelt om den skal reviderast. Frist 01. februar.

Det har ikkje kome fram forslag frå eigar av HA 290 om endringar eller oppseiing av avtala.

Etter det sakshandsamar kan forstå har avtala fungert godt og fjellstyret bør vurdere avtala vidareført. Fjellstyret kan diskutere enkelte mindre justeringar av avtala, jfr vedlegg.

Framlegg til vedtak:



Ingen

Referat:

Håkon Småbrekke er ikkje med på handsaminga av denne saka grunna inhabilitet. Vara er heller ikkje med på handsaminga grunna inhabilitet.

Det har ikkje kome nokon spesielle negative tilbakemeldingar på denne avtala. Det er nokon små justeringar som vert føreslege frå fjellstyret. Dette er markert med gult under.

Samjaktavtale mellom HA280 og HA290

Rabbevaldet (HA290) vert tilbydd følgjande samjaktavtale for 2021:

Inngått avtale er ei revidert utgåve av samjaktavtale inngått i 2020.

Generelt

1. Ved å inngå denne avtalen forpliktar begge partar seg til eit framtidig samarbeid som følgjer rammene til denne avtalen. Dette uavhengig av kvotar, fellingstal og dyreposisjonar.
2. Avtalen vert automatisk fornya kvart år 01. juni til og med 2023 (ut perioden til dette fjellstyret). Forslag til endringar kan fremmast av begge partar, men motsatt part står fritt til å godkjenne desse. Motparten skal informerast skriftleg om forslag til endringar, eller oppseiing av avtalen, **innan 1. mars same år**. Ny samjaktavtale, med reviderte prisar, skal signerast kvart år.
3. Samjakta gjeld frå jaktstart til jaktslutt på HA280. Avtala inneber at alle med fellingsløyver merka HA280 kan jakte vederlagsfritt på HA290. HA290 forpliktar seg til å ha same jaktstart som HA280. Om HA280 avsluttar jakta før jakttida, står HA290 fritt til å fortsette jakta på eige vald.
4. HA290 forpliktar seg til å følgje same nattefredning som HA280.
5. Fellingsløyver for villrein merka HA290 kan brukast vederlagsfritt på heile Røldal Statsallmenning av dei jegerane som er tildela fellingsløyve på HA280 (Røldal Statsallmenning)
6. **Røldal Fjellstyre tildeler Rabbevaldet 2 fellingsløyver merka HA280, medan Rabbevaldet tildeler Røldal Fjellstyre 2 fellingsløyver merka HA290.**
7. Jegerar, med fellingsløyver merka HA290, som ikkje vert dekkja av punkt 5, får overgangsavtale med HA280 mot ei avgift per fellingsløyve. **Ein vil, som hovudregel, ikkje få overgangsavtale for berre kalveløyve åleine. Avgifta følgjer kortnummeret. Det er Fjellstyret uvedkomande kven som nyttar løyvet, men fjellstyret skal verte informert om kven som til ei kvar tid disponerar løyvet.**

Avgifta skal vera omlag 35% av kostnaden for tilsvarande løyve kjøpt direkte av Røldal Fjellstyre. For 2021 vert dette: **Forutsett uendra prisar på HA280 korta.**

- Fritt dyr: kr 600
- Bukk: kr 450
- Simle/Ungdyr: kr 350
- Kalv: kr 150

8. Søknad om overgangsavtale (med oversikt over dei aktuelle kortnummera) skal utformast og underskrivast av fjellstyret/sekretær. Det vert utarbeidd eige standard skjema for dette som MÅ nyttast. Ferdig utfylt skjema må sendast Fjellstyret innan **10. august**. Innkomne søknadar etter dette, vert behandla etter høve.
9. Grunneigerane i HA290 gjev med denne avtalen grunneigar si tillating til at jegerar med jaktkort merka HA280, HA290, HA300 kan nytte landingsløyve for uttransportering av kjøtt på deira eigedom. Jegerane må sjølv søkje om løyve med hjemmel i lov og forskrift av kommunen utanfor Hardangervidda Nasjonalpark og av Tilsynsutvalet for Hardangervidda Nasjonalpark.



Grunneigerar som ynskjer å reservere seg mot dette, må ha informert valdansvarlig for HA290 innan 1. mars.

10. Denne avtalen gjeld ikkje jegerar som er utestengt frå jakt på HA280 av Røldal Fjellstyre.
I år med få fellingsløyver
11. Rabbevaldet (HA290) forplikar seg med denne avtalen å tilby Røldal Fjellstyre inntil 50% av fellingsløyvene tildelt HA290 i år der Røldal Fjellstyret ikkje kan tilby fellingsløyver på reinsdyr til alle sine innanbygdssøkjjarar.
12. Røldal Fjellstyre skal ikkje ta imot fleire fellingsløyver frå HA290 enn at dei kan tilby alle sine innanbygdssøkjjarar kort innan jaktstart.
13. Fellingsløyver som vert tilbydd Røldal Fjellstyre, vert tildelt innanbygdsjegerar i henhold til trekningslista til Fjellstyret det aktuelle året. Jegerane som vert tildelt desse fellingsløyva, kjøper desse frå Rabbevaldet (HA290) til same pris som Røldal Fjellstyre tar for tilsvarande fellingsløyve.
14. Rabbevaldet (HA290) betaler fellingsavgifta for dei fellingsløyva merka HA290, som vert tilbydd og nytta av Røldal Fjellstyre.
15. Røldal Fjellstyre skal returnere fellingsløyver merka HA290 til valdansvarleg for HA290 etter jaktslutt. Tilsvarande skal løyver merka HA280 returnerast til Røldal Fjellstyre.
16. Om andre vald/jegerar inngår tilsvarande samjaktavtalar/overgangsavtalar med HA280 (Røldal Fjellstyre), så skal Røldal Fjellstyre ta imot fellingsløyver frå alle involverte partar i henhold til dei aktuelle avtalane, inntil vilkåret i punkt 10 er oppfylt. Røldal Fjellstyre avgjer denne fordelinga, men skal sørge for at kvart av dei aktuelle valda gjev frå seg ein tilnærma like stor prosentandel av fellingsløyvene.
17. I år med for få fellingsløyver, skal innanbygdsjegerar som får tildelt fellingsløyver frå Rabbevaldet (fellingsløyver merka HA290), seie frå seg plassen på trekningslista, inntil alle innanbygdssøkjjarar er tilbydd fellingsløyver.

Gentlemen's agreement

I botn av avtalen ligg følgjande, ikkje forpliktande, forståing frå begge partar.

18. Jegerar som ynskjer å jakte på heile Røldal Statsallmenning (HA280) (d.v.s. Haukeli-eller Hedlevassområdet), skal, som hovudregel, kjøpe fellingsløyve av Røldal Fjellstyre.
19. Røldal Fjellstyre godkjenner at Rabbevaldet (HA290) brukar denne avtalen i samband med sal og utleige av sine fellingsløyver og hytter gjennom sin næringsvirksomheit.
20. Jegerar som kjøper kort som ein del av HA290 si næringsvirksomheit, får ikkje anledning til å nytte Røldal Fjellstyre sine hytter. Om innanbygdsjegerar gjere det same, kan dei likevel nytte Røldal Fjellstyre sine hytter.

Vedtak:

Fjellstyret ynskjer å fortsette avtala om samjakt med HA290, men ynskjer nokre små justeringar markert med gult i referatet. Avtala sendast over til HA 290 for ny underskrift og godkjenning.

Samrøystes



Sak 09/21: Vidareføring samjaktavtale HA300

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Røldal Fjellstyre må ta stilling til om samjaktavtalen med HA300 skal vidareførast. Eventuelt om den skal reviderast. Frist 01. februar.

Fjellstyret har i avtala med HA300 teke med eit punkt som omhandlar krav til organisering:

19. Røldal Storvald (HA300) skal byrje arbeidet med å organisere seg, slik at Røldal Fjellstyre får ein oversikt over kven dei inngår samjaktavtalen med. Organiseringa inneber, men er ikkje avgrensa til, at Røldal Storvald skal:

- *Innan utgongen av 2020:*
 - *Velja ein valdansvarleg/kontaktperson (novarande valdansvarleg kan signere for 2020)*
 - *Kome med uttale til punkt 8 («landingsløyve») i samjaktavtalen*
- *Innan utgongen av 2021:*
 - *Få signerte vedtekter/reglar som gjev valdansvarleg myndigheit til å inngå samjaktavtalar o.l.. Vedtektene skal innehalde vilkår som medfører ein forutsigbarhet mtp kva areal som inngår i eventuelle samjaktavtalar med HA280.*
 - *Skaffe ein fullstendig oversikt over alle grunneigerar med tilhøyrande eigedomar*
 - *Skaffe eit detaljert oversiktkart over valdet*

Fjellstyret v/leiar sende den 3 november 2020 ein epost til HA 300 for å minne om dette punktet i avtala og at det måtte kome på plass ei løysing for å få vidareført ei avtale i 2021. Svar frå HA300 kom den 16 desember. HA300 skisserar at dei skal ha på plass punkta i avtala innan 1 juli 2021.

Sakshandsamar vil sjå det som svært viktig at HA300 no oppfyller krava som er sette i punkt 19. Det er avgjerande for fjellstyret at ein faktisk veit kven ein gjer avtale med og kva for område avtala gjeld for.

Framlegg til vedtak:

Ingen

Referat:

Håkon Småbrekke er ikkje med på handsaminga av denne saka grunna inhabilitet. Heine Eikemo er kalla inn som vara for handsaming av denne saka.

Gjennomgang ved leiar. Det har kome inn nokre innspel til møtet som vert lagt fram for styret. Innspela går på at det ikkje bør vere samjakt og argumenta er at det vert for mange jegerar. Det er og argumentert med at dette er ei avtale som berre er bra for dei private og ikkje for fjellstyret. Styret er ikkje einig i dette då avtala er god for Fjellstyret i år med lite dyr og betre for dei private i år med mykje dyr. I sum meiner styret at avtalene er gode for fjellstyret. Argumentet om at avtalane medfører at det vert for mange jegerar i området meiner styret er direkte feilaktig. I 2020



var det berre 7 som kjøpte seg inn med privatkort. Dette kan slå annleis ut i 2021, sidan store delar av jaktterrenget på Røldal Statsallmenning kan verte øydelagt pga CDW tiltaka.

Styret er bekymra over framdrifta til HA300 når det gjeld organisering. Det vert uttrykt misnøye frå styret omkring framdrifta i denne saka og slik styret ser det så er ikkje vilkåra for å få samjaktavtale til stades pr i dag.

Det framkjem forslag om at HA300 kan få frist til 1. mars med å få på plass ei fullstendig liste over grunneigarar som er med i HA300, dette skal og kartfestast. Vidare må det på plass eit val av kontaktperson for HA300.

Dersom HA300 får dette på plass til fristen, så er forslaget at alle som har HA280 kort også kan ta med seg HA300 kort inn i HA280 på jakt vederlagsfritt.

Dersom HA300 klarar å oppfylle alle kriteria sett i punkt 19 i den gamle avtala er dei velkomne til å søkje om samjakt på dette grunnlaget i 2022.

Vedtak:

Det vert ikkje gjeve tilbod om samjaksavtale til HA300 i 2021 då fjellstyret ser noverande avtale som broten. Dersom HA300 får vald ein valdansvarleg kontaktperson og laga komplett oversikt over alle grunneigarar som er med (med tilhøyrande kart) innan 1. mars, får HA300 tilbod om at alle som har kjøpt HA280 kort kan ta med seg HA300 kort inn på HA280 i jakta 2021.

Dersom HA300 klarer å oppfylle alle kriteria sett i punkt 19 i den eksisterande avtala er HA300 velkomne til å søkje om samjakt komande år.

Samrøystes

Sak 10/21: Møte i Sveigen beitelag

Saksdokument:

Kontrakt Statskog

Kontrakt mellom Fjellstyret og beiteleigar

Saksutgreiing:

Angående vedlikehald, «framtidsvisjonar» osv.

Framlegg til vedtak:

Ingen

Referat:

Vedtak:

Saka vert utsett



Sak 11/21: Utleige Ulevåbotn

Saksdokument:

Ingen

Vert lagt fram på møtet

Saksutgreiing:

Det har kome inn nokon førespurnader og interessentar før fristen den 15. januar. Leiar vil legge dette fram på møtet.

Fjellstyret må ta stilling til vegen vidare i spørsmålet om utleige av Ulevåbotn.

Framlegg til vedtak:

Ingen

Referat:

Det har kome inn to søknadar frå innanbygds om å få leige stølen på langtidskontrakt.

Styret diskuterer saka og det kjem fram at det vil vere veldig viktig at dette vert gjort på ein detaljert og ryddig måte. Det kjem fram forslag om å leige inn fagfolk til å lage ein rapport over kva som bør gjerast og på kva for måte. Etter dette må fjellstyret setje opp ein plan for kva ein ser for seg skal gjerast i leigeperioden. Det må vere ei synfaring med dei aktuelle interessentane for å gå gjennom tiltak og kostnader og det må skrivast ei skikkeleg avtale som er juridisk god nok til å vere bindande for begge partar.

Vedtak:

Fjellstyret utsett avgjerda og ynskjer å gjennomføre ein prosess i tråd med referatet.

Samrøystes

Sak 12/21: Uttale forskrift om jakt, felling, fangst og fiske

Saksdokument:

<https://intranett.fjellstyrene.no/interne-nyheter/nfs-hringsutkast-til-ny-jff-forskrift>

Saksutgreiing:

Forslag til endring av forskrift om jakt, felling, fangst og fiske er ute på høyring. Forskrifta endrast kvart 5 år.

Sakshandsamar tilrår at Røldal FS gjev si tilslutning til høyringsframlegget som NFS har skrive.

Framlegg til vedtak:

Røldal FS har ikkje merknader til NFS sitt høyringsutkast og stiller seg bak dette.

Referat:

Forslag frå leiar om innspel:



- Ynskjer at fjellstyret sjølve kan definere alder på student/ungdom, subsidiært at dette vert auka med ein del år då folk i dag studerar lenge.
- Ynskjer ikkje 24 timars kort på fiske, men dagskort som er knytt til dato.

Styret samlar seg om dette.

Vedtak:

Styret ynskjer å sende inn innspel i tråd med forslag i referatet.

Sak 13/21: Uttale påbygg Røldal Grendahus

Saksdokument:

Saksutgreiing (THHT):

Prosjektet med påbygg på Røldal Grendahus beveger seg sakte og usikkert framover. Røldal Fjellstyre vedtok i sak 25/19 å stemme mot prosjektet. Fleirtalet på det aktuelle årsmøtet i Grendahuset stemte for, prosjektet heldt fram, og er no i ein fase der ein skal ta stilling til eit av to utbyggingsalternativ.

Røldal Fjellstyre er ein av dei tre største A-aksjonærane i Røldal Grendahuset (saman med Ullensvang kommune og Røldal Ungdomslag), og har difor ein representant i grendahusstyret. Tor Helge vart valt til dette for denne fjellstyreperioden. (Han har også, ein kortare periode, vore del av sjølve prosjektgruppa som representant for B-aksjonærane.) Det vart i styremøte i slutten av november avgjort at dei forskjellige A-aksjonærane skulle ta stilling til dei to alternativa i sine respektive lag. Det vart og beslutta at det skulle haldast eit ope informasjonsmøte der dei to alternativa vert presentert.

Fjellstyret må altså ta stilling til korleis Tor Helge skal stemme på det aktuelle grendahusmøtet.

Tor Helge si vurdering:

Røldal Fjellstyre har per dags dato ingen interesser i Røldal Grendahus. Sett på spissen er fjellstyret berre med å ber ein del av ansvaret som fast styremedlem, utan å ha noko nytte av huset i samband med drifta av fjellstyret. Tor Helge meiner difor at det frå fjellstyret sitt perspektiv ikkje vil vera noko grunnlag for å ta stilling til kva alternativ ein skal gå for. Som A-aksjonær må ein likevel kunne stille nokon krav, og kome med nokon føringar, til prosessen vidare.

Døme:

- Det er ei kjennsgjerning at Røldal Fjellstyre manglar lagerplass. Per dags dato har utstyret vorte lagra hjå den til ei kvar tid fungerande fjellstyreleiareren. Dette fungerer dårleg, og mykje er øydelagt p.g.a. dårleg oppbevaring. Ein kan heller ikkje forventa at fjellstyreleiarane skal oppbevare dette heime hjå seg. Om eit eventuelt påbygg vert realisert, må Røldal Fjellstyre krevje egne lokal i dette. Fjellstyret har behov for ein stad til å oppbevare møtepapirer og «uteutstyr». Eit eige lokale kjem sjølvstilt med ein kostnad, og fjellstyret må i så tilfelle vera innstilt på å bidra økonomisk til påbygget. Tor Helge



føreslår at fjellstyret kan, om alle krav og vilkår vert oppfylte, bidra med 100 000 kroner til prosjektet.

- Eit eventuelt påbygg skal ikkje øydelegge dei økonomiske forutsetningane for vidare drift av grendahuset. Ein grundig plan for korleis dei økonomiske utfordringane skal løysast må leggjast fram før prosjektet går vidare.
- Eit eventuelt påbygg må ikkje øydelegge for noverande brukerar/leigetakerar i grendahuset. Innspel frå desse vil vera førande for Røldal Fjellstyre si haldning til prosjektet.
- Eit eventuelt påbygg skal ikkje føre til eit betydeleg auka ansvar på styremedlemmene i Røldal Grendahus. Røldal Fjellstyre er særst uroa for ansvaret som kjem i samband med snømåking av tak på dugnad, og ansvaret ein vil ha i samband med planlagt klatrevegg.
- Styret i Røldal Grendahus må ha ein gjennomgong av noverande organisering og stemmepraksis på årsmøtene. Røldal Fjellstyre meiner ein må sjå på om det er rett at B-aksjonærane har stemmerett på lik linje som A-aksjonærane. Fjellstyret meiner at det er uakseptabelt at ikkje alle innanbygdsbuande har moglegheit til å skaffe seg stemmerett som B-aksjonær.

Vert ikkje krav og vilkår i møte kome meiner Tor Helge fjellstyret har få gode alternativ.

Om til dømes ansvaret for ekstra dugnad/klatrevegg havnar hjå styret i Røldal Grendahus, må Røldal Fjellstyre trekkje sin representant frå styret.

Som ein vidare konsekvens av dette, må fjellstyret ta stilling til dei kva involvering ein skal ha i grendahuset vidare. Då fjellstyret per dags dato heller ikkje har noko fordelar, eller bruk for «eigarinteresser» i grendahuset, må ein vurdera å kvitte seg med sin eigarandel.

Framlegg til vedtak:

1. Røldal Fjellstyre har ikkje grunnlag/eigne interesser for å ta stilling til nokon av utbyggingsalternativa, men stiller seg bak innspela frå noverande brukerar/leigetakerar. Ein må ikkje gå vidare med tiltaket før det er full einigheit om eventuelle avbøtande tiltak.
2. Røldal Fjellstyre krev at det i eit eventuelt påbygg vert gjort tilgjengeleg eksklusiv lagringsplass til fjellstyret sitt utstyr. Det skal dekkje behovet for lagringsplass til møtepapirer, samt «uteutstyr». Fjellstyret oppmodar også sterkt til at det i tilbygget vert laga eit permanent møtelokale av god storleik. Røldal Fjellstyre planlegg i så tilfelle å støtte prosjektet med inntil 100 000 kroner, samt ei årleg beløp til drift og leige av lagerrum/møtelokale tilsvarande 5000 kroner.
3. Røldal Fjellstyre stiller som vilkår at prosjektet ikkje skal øydelegge dei økonomiske forutsetningane for vidare drift av grendahuset. Ei heller skal påbygget tilføre auka ansvar, eller dugnadsbehov, på fjellstyret sin styrerepresentant. Desse aspekta skal avklarast før ein går vidare med prosjektet.
4. Røldal Fjellstyre ber styret i Røldal Grendahus ha ein gjennomgong av noverande stemmepraksis på årsmøta. Ein må avklare om ein enkelt B-aksjonær skal ha stemmerett på lik linje som A-aksjonærane. Det er frå Røldal Fjellstyre si side også uakseptabelt at ikkje alle innanbygdsbuande har moglegheit til å skaffe seg stemmerett som B-aksjonær.



Referat:

Gjennomgang av leiar.

Kort ordskifte i saka. Styret samlar seg om forslag til vedtak.

Vedtak:

1. Røldal Fjellstyre har ikkje grunnlag/eigne interesser for å ta stilling til nokon av utbyggingsalternativa, men stiller seg bak innspela frå noverande brukerar/leigetakerar. Ein må ikkje gå vidare med tiltaket før det er full einigheit om eventuelle avbøtande tiltak.
2. Røldal Fjellstyre krev at det i eit eventuelt påbygg vert gjort tilgjengeleg eksklusiv lagringsplass til fjellstyret sitt utstyr. Det skal dekkje behovet for lagringsplass til møtepapirer, samt «uteutstyr». Fjellstyret oppmodar også sterkt til at det i tilbygget vert laga eit permanent møtelokale av god storleik. Røldal Fjellstyre planlegg i så tilfelle å støtte prosjektet med inntil 100 000 kroner, samt ei årleg beløp til drift og leige av lagerrom/møtelokale tilsvarende 5000 kroner.
3. Røldal Fjellstyre stiller som vilkår at prosjektet ikkje skal øydelegge dei økonomiske forutsetningane for vidare drift av grendahuset. Ei heller skal påbygget tilføre auka ansvar, eller dugnadsbehov, på fjellstyret sin styrerepresentant. Desse aspekta skal avklarast før ein går vidare med prosjektet.
4. Røldal Fjellstyre ber styret i Røldal Grendahus ha ein gjennomgong av noverande stemmepraksis på årsmøta. Ein må avklare om ein enkelt B-aksjonær skal ha stemmerett på lik linje som A-aksjonæranne. Det er frå Røldal Fjellstyre si side også uakseptabelt at ikkje alle innanbygdsbuande har moglegheit til å skaffe seg stemmerett som B-aksjonær.

